



Sigvartsen Design AS
Østre Aker vei 17
0581 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/345 - 17/2789

Saksbehandlar:
Line Hervig
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:
20.03.2017

Byggesak Gbnr 43/118 Toska - fritidsbustad - mellombels svar

Viser til ditt brev datert 15.02.2017.

Søknaden er svært mangelfull og kan ikkje handsamast slik den ligg føre. Følgjande må rettast før saka kan handsamast:

- Skjema for *opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon* er vedlagt søknaden, men er ikkje fylt ut.
- Det er i søknaden opplyst at omsøkt tiltak har eit BYA på 125 m² og BRA på 114,1 m². I kommuneplan for Radøy 2011-2023 pkt. 2.6 andre ledd om utbyggingsvolum framgår følgjande:

I område for fritidsbustad kan det førast opp fritidsbustad kor verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 150 kvm. Storleiken på fritidsbustadene må tilpassast landskapet.

Parkeringsareal på 36 m² er inkludert i 150 m² jf. TEK10 5-2 og 5-4. Omsøkt tiltak overstig dette arealet og det er såleis trong for dispensasjon eller ein redusksjon av tiltakets storleik.

- Situasjonsplanen er svært mangelfull og stettar ikkje krava til ei komplett situasjonsplan.
- Søknaden inneheld ikkje opplysningar om parkering.
- Ansvarsrett for prosjektering av ansvarsområde grunnarbeid manglar.
- Nabovarsling er mangelfull. Naboeigedom gnr. 43 bnr. 116 er ikkje nabovarsla, det er heller ikkje Velforeningen for Toska Hytte- og Bustadfelt v/Karl- Ove Tvedt på gnr. 43 bnr. 101.
- Det må søkjast om løyve for tilknyting til offentleg vatn.

Saka er sett på vent til dette er ordna.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marion Karin Toska Nordberg Tonafjellet 4 5355 KNARREVIK

Mottakarar:

Sigvartsen Design AS Østre Aker vei 17 0581 OSLO